

Saksprotokoll i Formannskapet 15.06.2021:

Behandling

Orientering frå administrasjonen v/Trond Byre-Haakensen, Øyvind Pedersen og Sander Sælthun.

Forslag frå Kjell Brandsar, Lomslista:

Ein går attende til maksimalt 50 løpemeter gjerde per fritidsbustad, som i administrasjonssjefen si innstilling.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Forslag frå Kjell Brandsar, Lomslista:

Ein går attende til maksimalt 80 m² BYA samla areal per fritidsbustad, som i administrasjonssjefen si innstilling.

Forslaget fekk 1 stemme, og fall.

Forslag frå Bjarne Eiolf Holø, Senterpartiet:

Det blir lagt inn/ konsekvensutgreidd areal øvst i Frisvoldskogen som framtidig bustadområde, etter at ordførar har avklart med grunneigar. Arealet tilhøyrer Gnr. 8 Bnr. 1 og ligg i område mellom høgdebassenget og tømmervelta.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Forslag frå Bjarne Eiolf Holø, Senterpartiet:

Område ved Graffer blir ikkje lagt ut som bustadområde, men som LNFR-område med spreidd bustadbygging, som i administrasjonssjefen si innstilling.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå samfunnsutvalet vart samrøystes vedteke med dei endringane som kjem fram ved behandlinga.

Vedtak

Lom kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova §11-14 å legge forslag til kommuneplanens arealdel, planID 5140073, ut til offentlig ettersyn med følgjande endringar:

- Næringsarealet på Lågkollen aukast i samsvar med forslag frå administrasjonen framlagt i møtet.
- Endring av bestemmelse 3.3.2 bokstav a: *Maksimal høgde på synleg grunnmur for fritidshus i skrått terreng skal ikkje overstige 1,5 meter over ferdig planert terreng.*
- Endring av bestemmelse 3.3.2 bokstav b andre og tredje punktum: *Maks mønehøgde skal ikkje overstige 6,5 m over gjennomsnittleg planert terreng. Ramloftbygning kan likevel godkjennast, da med mønehøgde inntil 7,5 m over gjennomsnittleg planert terreng.*
- Endring av bestemmelse 3.3.1 bokstav b: *Fritidsbustadar kan oppførast med samla areal inntil 100 m² BRA per tomt/ feste. I tillegg kan inntil 30 m² opparbeidast til overflateparkering (2 p-plassar).*
- Endring av bestemmelse 3.3.3 bokstav a: *Der det er nødvendig på grunn av ulemper knytt til beitedyr kan det gjerdast inn med inntil 50 løpemeter gjerde per fritidsbustad. Gjerde skal vere festa i vegg i både endar.*
- Det blir lagt inn/ konsekvensutgreidd areal øvst i Frisvoldskogen som framtidig bustadområde, etter at ordførar har avklart med grunneigar. Arealet tilhøyrrer Gnr. 8 Bnr. 1 og ligg i område mellom høgdebassenget og tømmervelta.
- Frist for å komme med uttale/ motsegn til planforslaget blir sett til minimum seks veker frå planen blir lagt ut til offentlig ettersyn.

Planforslaget omfattar planskildring, plankart, planføresegner, konsekvensutgreiing, risiko- og sårbarheitsanalyse og skiltvedtekter for Lom kommune.